

SV vil ha ein ny normal!

Midt i koronatida drøymmer vi om å vende attende til «normalen». Vi lengtar å vere i lag, etter klemmar, etter å reise og ikkje minst; etter å få att trygge jobbar, og dermed trygge kvardagar.

Samtidig gjer pandemien, saman med andre faresignal, det naudsynt å spørje om det er den gamle normalen vi skal attende til? Hendingane siste året har vist oss kor sårbar vi er. Vi er verken sjølvberga med mat, medisinar, smittevernutstyr eller arbeidskraft. I tillegg blinkar varsellampene raudt for klima og natur, for overforbruk av naturressursar og for aukande ulikskap.

Tenk om vi kunne bruke den akutte krisa til å gjere noko med dei mindre synlege, men minst like alvorlege, krisene? For dei heng i hop. Vi spelar russisk rulett med naturen, livsgrunnlaget vårt, på grunn av eit økonomisk system med innebygd trong til vekst.

Samstundes aukar ulikskapen. Verdas åtte rikaste eig like mykje som halvparten av jordas befolkning. Mange ropar varsku om at koronakrisa og tiltaka den fører med seg, aukar forskjellane, også i vårt eige land. Stadig fleire slit med å klare dei daglege utgiftene, og stadig fleire lever i uvisse om korvidt ein har ein jobb etter pandemien.

Vi treng ein politikk som jamnar ut forskjellar, samstundes som vi tek natur-og klimakrisa på alvor. Denne politikken er det SV går til val på. Ved hjelp av ein Grøn ny deal, eller folkets grønne skifte, skal vi vise at ei krise også kan vere starten på noko nytt.

I staden for å handtere pandemien på ein måte som forsterkar ulikskap og øydelegg natur og klima, skal vi mobilisere for fellesskapsløysingar, for å skape dei nye, grønne arbeidsplassane og for ein leveleg planet.

Krisa har vist at staten har økonomiske musklar. I staden for å pumpe stadig meir pengar inn i ein oljesektor på hell, vil vi pumpe dei inn i nye grønne næringar. I staden for å sende folk ut i arbeidsløyse, vil vi fornye yrkesutdanningane og omskulere dei som misser arbeidet til framtidsretta jobbar. I staden for aukande klasseforskjellar, vil vi bruke skattesystemet til å redusere dei. I det nye arbeidsprogrammet til SV skisserer vi ei mengd konkrete tiltak for korleis vi skal gjere dette.

På den måten skal vi kome ut på den andre sida av pandemien, ikkje til den gamle normalen, men til den nye grønne, rettferdige framtida!